

Avlsutvalet for sau
v/ Einar Helge Haugstad
Sørland
6770 NORDFJORDEID

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/186201
Dato: 09.09.2014
Org.nr: 985 399 077

Att. Einar Helge Haugstad

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel


Mattilsynet

MELDING OM KÅRINGSJÅ FOR VERLAM 2014

Mattilsynet DK Sunnfjord og Ytre Sogn viser til søknad av 17. august 2014 om løyve til å arrangere kåringsjå for verlam i Sogn og Fjordane i tida 20/9- 4/10-2014. Det er ikkje noko nytt i det offentlege regelverket på området så løyvet og vilkåra er dei same som i fjor.

Framsying av småfe er regulert i forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer. §6 stiller krav om melding til Mattilsynet i samband med dyreutstilling og § 14 står det om forbod mot utstilling av småfe. Mattilsynet kan dispensere frå forbodet om utstilling av småfe. I reglar for kåring av verlam har også næringa smitteførebyggande tiltak.

Distriktskontora her i fylket vel framleis å gje eit løyve til alle kåringsstadane i fylket, etter "felles søknad" frå avlsutvalet for sau. Mattilsynet ber avlsutvalet sende dette løyve til ansvarlig for kåringa på dei ulike kåringsjåa.

VEDTAK :

Med heimel i §6 og 14i Forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer, gjev Mattilsynet, Distriktskontoret Sunnfjord og Ytre Sogn løyve til å halde kåringsjå for verlam i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn etter oppsett plan.

Vedtaket er gjort på fylgjande vilkår:

1. Kåringsjået er berre ope for verlam frå områder som soknar til aktuell kåringsstad.
2. Dyra skal vera klinisk friske og dyrehaldet verane kjem i frå skal ikkje vere pålagd restriksjonar av noko slag.
3. Dyra skal vere merkte etter Forskrift om merking, registrering og rapportering av småfe.
4. Staden sjået skal haldast på, må ikkje nyttast som beite eller opphaldsstad for sau.
5. Verar frå ulike besetningar skal transporterast for seg sjølv til og frå sjået.
6. Snutekontakt mellom verar frå ulike besetningar skal ikkje kunne skje (avstand mellom gardane, eller tette bingar).
7. Mønstring og dømning skal skje enkeltvis eller besetningsvis, og dommar og hjelpesmenn skal byte til nytt eingongs overtrekksklede og fottøy eller reingjere og desinfisere støvlar og overtrekksklede grundig mellom kvar besetning .

8. Publikum skal ikkje gå opp i gardane eller i område der det har vore oppstalla sau.
9. Den ansvarlege for utstillinga skal sjå til at dommarar, hjelpesmenn og eigarar er kjent med vilkåra for løyvet .
10. Løyvet kan bli trekt tilbake dersom det oppstår endringar i smittesituasjonen i området.

Klage:

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har høve til å klage på vedtaket. Klagefristen er 3 veker. Ei eventuell klage skal stilast til Mattilsynet, Regionskontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane, og sendast til det aktuelle distriktkontoret der kåringa skjer (Sunnfjord, Nordfjord eller Sogn). Felles postmottak, pb.383, 2381 BRUMUNDDAL.

Lukke til med kåringsjåa.

Med helsing



Rune Myklatun
Distriktssjef



Terje Ramstad
Seniorinspektør